



## Møteprotokoll for Eldreråd

**Møtedato:** 12.10.2020

**Møtestad:** Nordhordlandshallen (kantina) - rådhuset (kantina)

**Møtetid:** 12:00 - 16:45

Det var felles orienteringar for eldrerådet og RMNF i kantina i Nordhordlandshallen kl. 12.00. Eldrerådet heldt fram sitt møte i kantina på rådhuset med vedtakssaker.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Svein Hagesæter	FNB	Medlem
Kirsti Gjetle Floen	AP	Medlem
Olav Magnus Steinsland		Utvalsleiar
Torhild Frøydis Skage Syslak		Medlem
Jostein Dale		Nestleiar
Reidun Taule		Medlem
Sigurd Knudsen		Medlem
Randi Iden		Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Einar Lygre		Medlem

Det møtte 8 av 9 medlemmar i eldrerådet.

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjef Leni Dale, kommunalsjef økonomi Janne Sund, fagansvarleg helse og omsorg administrasjon Helge Kvam, fagansvarleg Plan og analyse Rolf Raknes, rådgjevar Hans Kristian Dolmen, leiar Forvaltningskontoret Kari Hesjedal, møtesekretær Arthur Kleiveland

## Sakliste

Saknr	Tittel
034/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
035/20	Godkjenning av møteprotokoll
036/20	1. gongs handsaming - Detaljreguleringsplan for Risøy, del av gnr. 81, bnr. 1, mfl.
037/20	Områdeplan Knarvik - Framlegg til endring - 1. gongs handsaming -planID 1263-201002

- 038/20 Kommundelplan Helse, sosial og omsorg 2021-2033 - Framlegg til Planprogram
- 039/20 Plansak Kommunedelplan for oppvekst - Alver kommune - framlegg til vedtak om offentlig høyring og ettersyn planprogram
- 040/20 Ny forskrift om tildeling av langtidsopphald i Alver kommune - høyring
- 041/20 Høyring - forslag til ny forskrift for transportordninga for funksjonshemma i Vestland
- 042/20 Val av representantar til legat- og testamentstyre
- 043/20 Meldingar og orienteringar i eldrerådet 12.10.20

## **034/20: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Eldreråd 12.10.2020:**

### **Behandling:**

Eldrerådet godkjende samrøystes innkalling og saksliste.

**ER- 034/20 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

## **035/20: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Eldreråd 12.10.2020:**

### **Behandling:**

Eldrerådet godkjende samrøystes protokoll for møte 31. august.

**ER- 035/20 Vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

## **036/20: 1. gongs handsaming - Detaljreguleringsplan for Risøy, del av gnr. 81, bnr. 1, mfl.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve til delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentlig ettersyn: Risøy del av gnr. 81 bnr. 1 mfl. Nasjonal arealplan-id 4631- 2020001, som vist på plankart sist datert 14.7.2020 og med tilhøyrande føresegner datert 14.7.2020.

**Utval for areal, plan og miljø 02.09.2020:****Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 120/20 Vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve til delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn: Risøy del av gnr. 81 bnr. 1 mfl. Nasjonal arealplan-id 4631- 2020001, som vist på plankart sist datert 14.7.2020 og med tilhøyrande føresegner datert 14.7.2020.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 12.10.2020:****Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes

**RMNF- 040/20 Vedtak:**

Ingen merknader.

**Eldreråd 12.10.2020:****Behandling:**

Eldrerådet slutta seg samrøystes til rådmannen sitt forslag.

**ER- 036/20 Uttale:**

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Ungdomsråd 12.10.2020:****Behandling:****UR- 035/20 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar framlegg frå rådmannen.

Samrøystes

## **037/20: Områdeplan Knarvik - Framlegg til endring - 1. gongs handsaming - planID 1263-201002**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til endring av Områdeplan for Knarvik, planID 1263-201002 vert med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

- 1) Høyringsperioden vert sett til minimum 10 veker frå kunngjeringsdato
- 2) Det skal i høyringsperioden leggjast til rette for dialogmøte(-r) med involverte partar i planområde og interessegrupper.

### **Ungdomsråd 02.06.2020:**

#### **Behandling:**

Orientering i saka v/Robert L Hansen.

UR hadde ingen kommentar til endringen, men ynskjer seg ein nærmare orientering om endringane i Knarvik på eit seinare møte.

#### **UR- 020/20 Vedtak:**

Ingen merknader

### **Utval for areal, plan og miljø 10.06.2020:**

#### **Behandling:**

Ingrid Fjeldsbø-H stilte spørsmål om habilitet i saka. Utvalet gjorde samrøystes vedtak om at ho er inhabil jf.forvl.l. § 6.e, Ingrid Fjeldsbø deltok difor ikkje i denne saka. Anita Høgquist-H møtte som vara.

Jogeir Romarheim-Krf stilte spørsmål om habilitet i saka. Utvalet gjorde samrøystes vedtak om at han er inhabil jf.forvl.l. § 6.b. Jogeir Romarheim deltok difor ikkje i denne saka.

#### **Framlegg frå Malin Andvik-Krf:**

##### **Tillegg til rådmannen sitt framlegg:**

*Avsnittet under vert lagt til føresegn 2.1.1:*

*Krav om opparbeiding av offentlege vegar/køyrevegar og offentlege torg og gatetun, gjeld og tilhøyrande fortau, gangveg-/gangareal, under- og overgangar, sykkelveg-/felt, annan veggrunn, grøntareal/vegetasjon og tiltak som er naudsynt for å ivareta heilskapen.*

*Krav om opparbeiding av leikeplassar og grøntområde gjeld og møblering og andre tiltak som er omtalt i kvalitetsprogrammet og er naudsynt for å ivareta heilskapen.*

Rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke - 8 røyster (Ap, Fnb, Sp, H, V, M. Andvik-Krf)

#### **APM- 097/20 Vedtak:**

Framlegg til endring av Områdeplan for Knarvik, planID 1 263-201 002 vert med heimel i plan- og bygningslova § 1 2-1 0 lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

- 1 ) Høyringsperioden vert sett til minimum 10 veker frå kunngjeringsdato
- 2) Det skal i høyringsperioden leggjast til rette for dialogmøte(-r) med involverte parter i planområde og interessegrupper.

Endring frå APM - 10.06.2020:

Avsnittet under vert lagt til føresegn 2.1.1:

Krav om opparbeiding av offentlege vegar/køyrevegar og offentlege torg og gatetun, gjeld og tilhøyrande fortau, gangveg-/gangareal, under- og overgangar, sykkelveg-/felt, annan vegg grunn, grøntareal/vegetasjon og tiltak som er naudsynt for å ivareta heilskapen.

Krav om opparbeiding av leikeplassar og grøntområde gjeld og møblering og andre tiltak som er omtalt i kvalitetsprogrammet og er naudsynt for å ivareta heilskapen.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 12.10.2020:**

#### **Behandling:**

Orientering til saka v/Hans Kristian Dolmen-rådgjevar Plan og analyse  
Ingen merknader, samrøytes

#### **RMNF- 043/20 Vedtak:**

Ingen merknader.

### **Eldreråd 12.10.2020:**

#### **Behandling:**

Rådgjevar Plan og analyse, Hans Kristian Dolmen, orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet sluttar seg til områdeplan for Knarvik, men er uroa over lang avstand mellom bussterminal og helsetunet.

Eldrerådet vedtok samrøystes felles framlegg til uttale sett fram i møtet.

#### **ER- 037/20 Uttale:**

Eldrerådet sluttar seg til områdeplan for Knarvik, men er uroa over lang avstand mellom bussterminal og helsetunet.

## **038/20: Kommundelplan Helse, sosial og omsorg 2021-2033 - Framlegg til Planprogram**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 vedtek Utval for helse og omsorg oppstart av arbeid med «Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2021-2033».

Planprogrammet vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i 6 veker.

## **Utval for helse og omsorg 01.09.2020:**

### **Behandling:**

Rådgjevar plan og analyse, Hans Kristian Dolmen, orienterte og svarta på spørsmål i saka.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg i møtet:

I punkt 4.2 under "Aktuelle tema for kommunedelplanen" blir underpunkt "Bustadpolitiske spørsmål" fjerna.

I punkt 4.2 under "Aktuelle tema for kommunedelplanen" blir følgjande setning lagt til: Utvalet ønskjer å få innspel om tema, tilhøve som bør vurderast og eventuelt takast inn i planarbeidet. Aktuelle døme på tema kan vere: Jfr. punkt 3.2.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg med endringsframlegg sett fram i møtet.

### **HO- 026/20 Vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 vedtek Utval for helse og omsorg oppstart av arbeid med «Kommunedelplan helse, sosial og omsorg 2021-2033», med følgjande endringar:

I punkt 4.2 under "Aktuelle tema for kommunedelplanen" blir underpunkt "Bustadpolitiske spørsmål" fjerna.

I punkt 4.2 under "Aktuelle tema for kommunedelplanen" blir følgjande setning lagt til: Utvalet ønskjer å få innspel om tema, tilhøve som bør vurderast og eventuelt takast inn i planarbeidet. Aktuelle døme på tema kan vere: Jfr. punkt 3.2.

Planprogrammet vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i 6 veker.

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 12.10.2020:**

### **Behandling:**

Fellesframlegg:

RMNF er positive til at planprogrammet viser til FN's berekraftsmål. Rådet bed om at planprogrammet òg legg til grunn "FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)" og "NOU 2016: 17 På lik linje — Åtte løft for å realisere grunnleggjande rettigheter for personer med utviklingshemming."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **RMNF- 041/20 Vedtak:**

RMNF er positive til at planprogrammet viser til FN's berekraftsmål. Rådet bed om at planprogrammet òg legg til grunn "FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)" og "NOU 2016: 17 På lik linje — Åtte løft for å realisere grunnleggjande rettigheter for personer med utviklingshemming."

## **Eldreråd 12.10.2020:**

### **Behandling:**

Rådgjevar Plan og analyse, Hans Kristian Dolmen, orienterte i saka og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

Eldrerådet sluttar seg til vedtaket i utval for Helse og omsorg med følgjande tillegg:  
Temaet "Aldersvenleg samfunn" skal ha fokus i heile planarbeidet.

Felles framlegg til uttale sett fram i møtet, vart samrøystes vedteke.

### **ER- 038/20 Uttale:**

Eldrerådet kjem med følgjande uttale i sak om planprogram for "Kommunedepan for helse, sosial og omsorg 2021-2023":

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak, med følgjande tillegg:

I punkt 4.2 under "Aktuelle tema for kommunedelplanen" blir underpunkt "Bustadpolitiske spørsmål" fjerna.

I punkt 4.2 under "Aktuelle tema for kommunedelplan" blir følgjande setning lagt til:  
Utvalet ønskjer å få innspel om tema, tilhøve som bør vurderast og eventuelt takast inn i planarbeidet. Aktuelle døme på tema kan vere: Jfr. punkt 3.2.

Temaet "Aldersvenleg samfunn" skal ha fokus i heile planarbeidet.

## **Ungdomsråd 12.10.2020:**

### **Behandling:**

### **UR- 036/20 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar framlegg frå rådmannen.

Samrøystes

## **039/20: Plansak Kommunedelplan for oppvekst - Alver kommune - framlegg til vedtak om offentleg høyring og ettersyn planprogram**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune, utval for oppvekst, kunnskap og kultur, vedtek å leggje framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst ut til offentleg høyring og ettersyn.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova §11-1 og §11-13



## **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 01.09.2020:**

### **Behandling:**

Orientering til saka v/Rolf Raknes-fagansvarleg Plan og analyse  
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **OKK- 045/20 Vedtak:**

Alver kommune, utval for oppvekst, kunnskap og kultur, vedtek å leggje framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst ut til offentleg høyring og ettersyn.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova §11-1 og §11-13

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 12.10.2020:**

### **Behandling:**

Orientering i saka v/Rolf Raknes-fagansvarleg Plan og analyse og Hans Kristian Dolmen-rådgjevar Plan og analyse

Fellesframlegg:

RMNF er positive til at det i planprogrammet vert lagt vekt på inkludering. Dette må både gjelda menneske som flyttar hit frå andre land, menneske med nedsett funksjonsemne og andre minoritetar. Rådet bed om at "FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)" og "FNs barnekonvensjon" vert lagde til grunn i planprogrammet, i tillegg til FNS berekraftsmål.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **RMNF- 042/20 Vedtak:**

RMNF er positive til at det i planprogrammet vert lagt vekt på inkludering. Dette må både gjelda menneske som flyttar hit frå andre land, menneske med nedsett funksjonsemne og andre minoritetar. Rådet bed om at "FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)" og "FNs barnekonvensjon" vert lagde til grunn i planprogrammet, i tillegg til FNS berekraftsmål.

## **Eldreråd 12.10.2020:**

### **Behandling:**

Fagansvarleg Plan og analyse, Rolf Raknes, orieenterte i saka.

Eldrerådet slutta seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **ER- 039/20 Uttale:**

Eldrerådet sluttar seg samrøystes til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

## **Ungdomsråd 12.10.2020:**

### **Behandling:**

## **UR- 039/20 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar framlegg frå rådmannen.

Samrøystes

## **040/20: Ny forskrift om tildeling av langtidsopphald i Alver kommune - høyring**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til ny forskrift om tildeling av langtidsopphald i Alver kommune vert sendt ut på høyring. Høyringsfrist er 6 veker.

### **Utval for helse og omsorg 01.09.2020:**

#### **Behandling:**

Leiar ved Forvaltningskontoret, Kari Hesjedal, orienterte og svara på spørsmål. Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### **HO- 027/20 Vedtak:**

Framlegg til ny forskrift om tildeling av langtidsopphald i Alver kommune vert sendt ut på høyring. Høyringsfrist er 6 veker.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 12.10.2020:**

#### **Behandling:**

Orientering til saka v/Kari Hesjedal-leiar Forvaltningskontoret

Fellessamlegg:

I § 5 er det lista opp tiltak som bør vera prøvd eller vurderte, før det vert gjort vedtak om tildeling av langtidsopphald. RMNF meiner BPA bør inn på denne lista. Nokre gonger kan denne ordninga, eventuelt kombinert med andre tiltak, gjera at ein person kan verta buande heime.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **RMNF- 045/20 Vedtak:**

I § 5 er det lista opp tiltak som bør vera prøvd eller vurderte, før det vert gjort vedtak om tildeling av langtidsopphald. RMNF meiner BPA bør inn på denne lista. Nokre gonger kan denne ordninga, eventuelt kombinert med andre tiltak, gjera at ein person kan verta buande heime.

#### **Eldreråd 12.10.2020:**

##### **Behandling:**

Leiar for Forvaltningskontoret, Kari Hesjedal, orienterte i saka.

Eldrerådet slutta seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

##### **ER- 040/20 Vedtak:**

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **Ungdomsråd 12.10.2020:**

##### **Behandling:**

##### **UR- 038/20 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar framlegg frå rådmannen.

Samrøystes

#### **041/20: Høyring - forslag til ny forskrift for transportordninga for funksjonshemma i Vestland**

##### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Uttale frå Alver kommune er i samsvar med vedlagt skriv.

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 12.10.2020:**

##### **Behandling:**

Orientering til saka v/Kari Hesjedal-leiar Forvaltningskontoret

Fellesframlegg:

RMNF sluttar seg til framlegget til høyringsuttale. I tillegg bed rådet om at det vert teke inn eit punkt om at regelen om at ein ikkje kan få TT dersom ein får tilskot til bil frå NAV vert mjuka opp.

Sjølv om det vert gjeve slikt tilskot, kan det t.d. vera tilfelle der det ikkje er tilgjengeleg sjåfør, slik at det må nyttast taxi. Difor bør det opnast for ei individuell vurdering av om personar som

får tilskot frå NAV i tillegg kan koma med i TT-ordninga.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **RMNF- 044/20 Vedtak:**

RMNF sluttar seg til framlegget til høyringsuttale. I tillegg bed rådet om at det vert teke inn eit punkt om at regelen om at ein ikkje kan få TT dersom ein får tilskot til bil frå NAV vert mjuka opp.

Sjølv om det vert gjeve slikt tilskot, kan det t.d. vera tilfelle der det ikkje er tilgjengeleg sjåfør, slik at det må nyttast taxi. Difor bør det opnast for ei individuell vurdering av om personar som får tilskot frå NAV i tillegg kan koma med i TT-ordninga.

#### **Eldreråd 12.10.2020:**

##### **Behandling:**

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

##### **ER- 041/20 Uttale:**

Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **Ungdomsråd 12.10.2020:**

##### **Behandling:**

##### **UR- 042/20 Vedtak:**

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg.

Samrøystes

#### **Utval for helse og omsorg 13.10.2020:**

##### **Behandling:**

Leiar for Forvalningskontoret, Kari Hesjedal, orienterte om TT-ordninga og svara på spørsmål.

Utvalsleiar Ståle Hauge (AP) sette fram følgjande felles framlegg:

Utval for helse og omsorg vedtek rådmannen sitt framlegg, med følgjande endringar:

- Personar som får tilskot til bil frå NAV er no utelukka frå ordninga, utval for Helse og omsorg ønskjer ei individuell vurdering slik at dette blir tatt inn att i ordninga.
- Aldersgrensa i høyringssvaret blir sett til 6 år i § 2 vilkår for å verta godkjent som brukar.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg, med felles framlegg sett fram i møtet.

##### **HO- 070/20 Vedtak:**

Uttale frå Alver kommune er i samsvar med vedlagt skriv, med følgjande endringar:

- Personar som får tilskot til bil frå NAV er no utelukka frå ordninga, utval for Helse og omsorg ønskjer ei individuell vurdering slik at dette blir tatt inn att i ordninga.
- Aldersgrensa i høyringssvaret blir sett til 6 år i § 2 vilkår for å verta godkjent som brukar.

## **042/20: Val av representantar til legat- og testamentstyre**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Representantar til legat- og testamentstyre Alver kommune vert:

Frå eldrerådet:

Medlem:

Varamedlem:

Frå RMNF:

Medlem:

Varamedlem:

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 12.10.2020:**

#### **Behandling:**

Orientering til saka v/Helge Kvam-fagansvarleg Helse og omsorg

Fellesframlegg:

Representant Bente Orlen Westervik med varamedlem Jannicke Helland.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **RMNF- 046/20 Vedtak:**

Frå RMNF:

Medlem: Bente Orlen Westervik

Varamedlem: Jannicke Helland

### **Eldreråd 12.10.2020:**

#### **Behandling:**

Fagansvarleg helse- og omsorgsadministrasjon, Helge Kvam, orienterte og svarta på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til medlem og varamedlem frå eldrerådet:

Frå eldrerådet vert følgjande valt:

Medlem: Torhild Skage Syslak

Varamedlem: Randi Iden

Framlegg sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

#### **ER- 042/20 Vedtak:**

Eldrerådet har gjort følgjande val av representantar til Legat- og testamentstyre i Alver kommune:  
Medlem: Torhild Skage Syslak  
Varamedlem: Randi Iden

## **043/20: Meldingar og orienteringar i eldrerådet 12.10.20**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldingar og orientering vert tekne til orientering.

### **Eldreråd 12.10.2020:**

#### **Behandling:**

Det vart halde følgjande felles orienteringar for eldrerådet og RMNF:

- Budsjett/økonomiplan v/Janne Sund-kommunalsjef for økonomi
- Koronapandemien - status i Alver v/Leni Dale-kommunalsjef Leni Dale
- Planprogram kommunedelplan oppvekst og planprogram helse, sosial og omsorg v/Rolf Raknes-fagleiar Plan og analyse, Hans Kristian Dolmen-rådgjevar Plan og analyse
- Områdeplan Knarvik v/Hans Kristian Dolmen-rådgjevar Plan og analyse
- Ny forskrift TT-ordning Vestland v/Kari Hesjedal-leiar Forvaltningskontoret
- Ny forskrift langstidsopphald institusjon v/Kari Hesjedal-leiar Forvaltningskontoret

I sitt eige møte fekk eldrerådet følgjande orienteringar:

- Kostra-tal - kommunale kostnader helse og omsorg Alver 2019 (tidl. Meland, Lindås, Radøy) v/kommunalsjef økonomi Janne Sund
- Sambuargaranti ved institusjonsplass v/Kari Hesjedal-leiar Forvaltningskontoret

Orientering om "vidare utvikling av ny kommunen" vart utsett, og vil bli lagt fram i fellessamling mellom ER/RMNF om kommuneplan/kommunedelplanar

Eldrerådet tok samrøystes Meldingar og orienteringar til orientering.

### **ER- 043/20 Vedtak:**

Meldingar og orientering vert tekne til orientering.